



Aurland kommune

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region Vest
Sakshandsamar: Hanne Marie Utvær
Telefon: 91102779
Vår referanse: 18/934
Dykkar referanse:
Dato: 26.06.2018

Høyring - fredingsområde for hummar i Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal og Vik kommunar - Sogn og Fjordane

Fiskeridirektoratet region Vest sender ut forslag til fredingsområder for hummar i Sognefjorden på høyring. Frist for uttale er sett til 31. august 2018. Merknadar til framlegget sender du til postmottak@fiskeridir.no.

Kommunane Høyanger, Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Luster, Lærdal og Aurland, har gått saman om forslag til freding av hummar for i alt 17 områder i Sognefjorden. Fredingsområda skal gjelde frå land og ut til 50 meters djup. Innanfor desse områda skal hummaren vere totalfreda. For 14 av områda vil det gjelde forbod mot fiske med faststårande reiskap som teiner, ruser og garn gjennom heile året. For 3 av områda (Sogndalsfjorden, Aurlandsfjorden og Lusterfjorden) vil det gjelde forbod mot hummarteiner gjennom heile året. Fredingsområda vert foreslått innført for 10 år.

Om innføring av fredingsområder for hummar

Fredingsområder for hummar er eit reguleringstiltak som kjem i tillegg til dei meir tradisjonelle tiltaka som utforming av teiner, grenser på tal teiner og fiskeperiodar. Så langt har innføring av fredingsområder for hummar på Sørlandet vist seg å vere svært positivt for bestandsutviklinga i områda. Ifølge Havforskingsinstituttet (Havforskningsrapporten 2014) har hummarbestanden i løpet av en fireårsperiode økt med 245 prosent, og gjennomsnittstørrelsen har økt med 13 prosent.

Å opprette fredingsområder er eit av fleire verkemidlar som bidreg til ein meir berekraftig forvalting av hummar. I 2014 inviterte Fiskeridirektoratet landets kystkommunar med i ein prosess for å etablere nye fredingsområder for hummar. Fiskeridirektoratet ønskjer prosesser med lokal forankring der kommunane saman med lokale interesser sjølv tek initiativ og bidreg i etableringsprosessen i samarbeid med Fiskeridirektoratet sine regionkontor. På våre nettsider finn de invitasjon og informasjon om prosessen samt om effekten av

fredingsområda: <https://www.fiskeridir.no/Fritidsfiske/Nokre-utvalde-atar/Hummarfisket/Fredings-og-bevaringsomraade/OEnsker-at-flere-kommuner-establerer-nye-fredningsomraader-for-hummer>

Bakgrunn for forslag til freding i Sognefjorden

Det er Sognefjorden Vel, ei foreining med formål om å fremje god forvaltning av Sognefjorden og berekraftig hausting av fjordens ressursar, som har teke initiativ til fredingsområda i Sognefjorden og utarbeida forslag for kva områder som skal fredast. Bakgrunnen for forslaget er at dei ser at hummarbestanden i Sognefjorden har vore aukande sidan 1990. Bestanden har auka i tal samstundes som den har blitt vanlegare i indre deler av fjorden. I tillegg skriv dei at fiskepresset har gått frå nesten fråverande til hardt i løpet av dei siste ti åra.

Velforeininga skildrar Sognefjorden som ei fjord med topografi prega av bratte fjellskråningar som stuper ned til sjøen og som fortset vidare ned til store djup. Dei viser til at i fangstsesongen lev hummaren frå 5 til omlag 20 meters djup langs land og er lett å finne og såleis svært sårbar for overfiske.

Sognefjorden Vel viser til at det framleis er bra rekruttering og bra med hummar under minstemålet i Sognefjorden, men at mykje av hummaren vert fiska opp i løpet av dei første åra etter at dei passerar minstemålet. Vidare skriv dei at det er langt mellom hummar over 1 kg i Sognefjorden og dette indikerer at fiskepresset er for stort. Havforskningsinstituttet har synt at fredingsområder for hummar er ein god måte å sikre bestanden for framtida. I fredingsområda aukar både tal hummar og storleiken i løpet av få år. Slike områder vil derfor sikre gode årleg gyttingar og for å sikre bestanden for framtida er årleg tilførsel av hummarlarver viktig.

Sogn Regionråd har etter initiativ frå Sognefjorden Vel samla kommunane i regionrådet for å samarbeide om innføring av fredingsområde for hummar i Sognefjorden. Forslaget frå Sognefjorden Vel med fredingsområder i 8 av kommunane, har vore offentleg tilgjengeleg og det har vore arrangert tre folkemøter i regionen der fiskarar, lag og organisasjonar vart særlig inviterte.

Det har vore helde eit møte mellom Sogn regionråd, Sognefjorden Vel, Vest-Norges Fiskesalslag, Sogn og fjordane Fiskarlag og Fiskeridirektoratet region Vest for å avklare eventuelle konfliktar med kommersielt fiske etter hummar i området.

Innspela frå dei lokale høyringsmøta og frå det ovannemnte møtet er tekne med i det endelege forslaget frå Sognefjorden Vel og har vore grunnlaget for kommunane sine vedtak i saka.

Dei kommunale vedtaka syner at dei folkevalde har lagt vekt på at forslaget frå Sognefjorden Vel er grundig utarbeidd gjennom intervju/samtaler, observasjonar, skriftlege kjelder og innspel frå interesseorganisasjonar og yrkes- og fritidsfiskarar. I arbeidet med å få oppretta fleire fredingsområder for hummar har Fiskeridirektoratet lagt stor vekt på dei lokale prosessane som har ført fram til forslaga. Det vil vi fortsatt gjere både i denne saka og i andre områder som vert foreslått oppretta.

Forslag til fredingsområder med forbod mot fiske med fastst  ande reiskapar

Kommunane foresl  r fredingsområder fr   land og ned til 50 meters djup. For desse 14 områda vil det gjelde forbod mot fiske med fastst  ande reiskap som teiner, ruser og garn gjennom heile   ret.

Strekning 5, mellom Kjerringelvi som kjem ned fr   Tenningane (i Balestrand) og Kvinnafossen (i Leikanger), er ikkje handsama i Balestrand kommune sitt vedtak, vi har likevel valt    ta det inn i h  yringsforslaget.

Strekning 10, mellom Buelvi og Knubben i L  rdal kommune, er i h  yringsforslaget mindre enn det L  rdal kommune har vedteke i saka. Årsaka til dette er at delar av denne strekninga (fr   Knubben og til kommunegrense Aurland, g  r inn i fredingsomr  de for forbod mot hummarteiner i Aurlandsfjorden, sj   fredingsomr  de 15.

H  yanger kommune:

1. Strekninga mellom Strandselvi til Instevik (Ytste Vikeelva) p   s  rsida av Sognefjorden.
2. Norevik p   nordsida av Sognefjorden, avgrensa med posisjoner ved Norevik aust og Norevik vest.

Balestrand kommune:

3. Strekninga mellom Kongsnes og Kvist.
4. Strekninga mellom M  lsnes og Kallestad.

Leikanger kommune:

5. Strekninga mellom Kjerringelvi som kjem ned fr   Tenningane i Balestrand kommune og Kvinnafossen.
6. Strekninga mellom Grindselvi og Fosshagaelvi.

Sogndal kommune:

7. Strekninga mellom Fiksnes og kommunegrense Leikanger.
8. Strekninga mellom Mannheller og Skarduri.

L  rdal kommune:

9. Strekninga mellom Reins  na og ferjekaia p   Revsnes.
10. Strekninga mellom Buelvi i Buene og luftspennet over Aurlandsfjorden ved Knubben om lag 1 km strandlinje.

Vik kommune:

11. Strekninga mellom Inste Trettetunga og Straumsneset (i området Feios og Fresvik).
12. Strekninga mellom Bergjuv og Steinagildet (i området Vangsnes - Feios).
13. Strekninga mellom Limmesand (ved molo) og Eitrelvi - område Eitreneset.
14. Strekninga mellom Midtlielvi (ved Hanekam)og Gjelaneset – Gila (Stavedalsbukta).

Forslag til fredingsområder med forbod mot fiske med hummarteiner

Kommunane foreslår fredingsområder frå land og ned til 50 meters djup. For desse 3 fjordområda vil det gjelde forbod mot fiske med hummarteiner gjennom heile året. Sognefjorden Vel skriv i sitt forslag at Sogndalsfjorden har ein liten bestand hummar som allereie er hardt fiska på, medan Lusterfjorden og Aurlandsfjorden har ein liten marginal hummarbestand, som berre i liten grad er fiska på. Dei foreslår difor at hummaren vert totalfreda i desse kommunane. Men dei skriv òg at det er ein aukande og bra bestand av taskekрабbe i Lusterfjorden og Aurlandsfjorden, og kjem difor med forslag om at det framleis skal kunne fiskast etter krabbe i desse fredingsområda.

Fredingsområde i Aurlandsfjorden inkludera eit område i Vik kommune; frå Dyrastadneset til kommunegrensa til Aurland kommune, og eit område i Lærdal kommune; frå Knubben til kommunegrensa til Aurland kommune.

Aurland kommune:

15. Heile strandsona i Aurlands- og Nærøyfjorden, innanfor grense ved luftspennet over Aurlandsfjorden som går frå Knubben i Lærdal kommune og over til Dyrastadneset i Vik kommune.

Luster kommune:

16. Heile Lustrafjorden, innanfor grense trekt frå Kvarvnes lykt ved grensa til Årdal kommune og til Ombandsneset ved grensa til Sogndal kommune.

Sogndal kommune:

17. Sogndalsfjorden, innanfor grense frå Nordnes lykt på nordsida av Sogndalsfjorden til Hagastrondi på sørsida av Sogndalsfjorden.

Kart med forslag til fredingsområda er vedlagt.

Fiskeridirektoratet legg til grunn at dei føreslegne områda til saman vil gje hummaren i dette området eit godt vern framover.

Forslag til restriksjonar på fiske og funksjonstid

Det vert føreslått forbod mot fiske med alle typar faste reiskap som garn, teinar og ruser gjennom heile året for 14 av dei 17 foreslårte fredingsområda. Det vil sei at ein i desse områda kan ein berre nytte følgande fiskereiskapar; -handsnøre, fiskestang, juksa, dorg og surpenot. For dei 3 fjordområda som er føreslått freda gjeld forbodet berre hummarteiner, slik at mellom anna fiske etter taksekрабbe kan føregå som vanleg. Får ein hummar i anna lovleg reiskap som t.d. i ei krabbeteine, skal hummaren setjast ut att med det same.

Forslaget om fredingsområder for hummar har ei funksjonstid på 10 år. Sognefjorden Vel ønskjer at effekten av fredingsområda i tronge fjordar som i Sognefjorden, vert fylgt opp med undersøkingar som gjer det mogleg å evaluere effektane av fredingsområda.

Prosessen for å opprette fredingsområde er basert på at kommunane tek initiativ og fremjar forslag til Fiskeridirektoratet. Fiskeridirektoratet vil følgje opp kommunen sitt forslag om 10 års funksjonstid og restriksjonsnivå. Frå Fiskeridirektoratet si side er det ønskjeleg med ei vurdering før utløpet av fredinga på korleis forvaltninga i dette området skal leggjast opp etterpå for å ta vare på dei positive effektane.

Vurdering av fiskeri- og akvakulturinteresser

Akvakultur

Osland havbruk har søkt om å etablere ein lokalitet for oppdrett av laks og aure innanfor eit av dei føreslårte fredingsområda i Balestrand kommune (i eit område langs strekninga mellom Kongsnes og Kvist). Fredingsområdet vil få følger for bruken av legemidlar til knytt til avlusing på lokaliteten.

Kystnære fiskeridata

Fiskeridirektoratet har god oversikt over fiskeriinteresser gjennom kartlegging av kystnære fiskeridata som er basert på intervjuundersøkingar med fiskarar. Registrerte fiskeområder finn de i Fiskeridirektoratet sitt kartverktøyet; [Yggdrasil](#).

Brislingfiske

Sognefjorden er kjent for fiske etter brisling som har lang historisk tradisjon. Sesongen er vanlegvis frå midten av august til november, og det vert fiska brisling gjennom hele Sognefjorden. Brisling vert fiska med surpenot og vert låssatt (oppbevarast levande i steng) fram til den skal leverast. Det er registrert ei rekke låssettingsplassar i Sognefjorden. Eit forbod mot bruk av fasttåande reiskap som ruser, teiner og garn vil ikkje råke fiske med notreiskap eller låssetting.

Kystfiske med tradisjonelle reiskap

Næringsmessig fiske med tradisjonelle reiskap er noko meir sjeldan i Sognefjorden frå Høyanger og innover, og innføring av fredingssonar vil difor ha liten praktisk og økonomisk verknad for kystfiskarane.

Fritids- og turistfiske

Utanlandske turister kan berre fiske med handhelde reiskap i sjøen og har ikkje høve til å bruke garn, teiner, ruser, liner og liknande. Innføring av fredingsområde vil av den grunn vere utan praktisk betydning for turistfiske.

Fiskeridirektoratet har ikkje kartlagt fritidsfiske, men på bakgrunn av informasjon frå Sognefjorden Vel og kommunane, så er denne type fiske i hovudsak knytt til fastbuande langs Sognefjorden.

Innføring av fredingsområde med forbod mot fiske med fastst  ande reiskap som teiner, ruser og garn vil   g medf  re eit forbod mot fiske av krabbe med teiner p   grunnare vatn enn 50 meter, i 14 av dei til saman 17 foresl  tte fredingsomr  da.

Interessentar i Balestrand, L  rdal og Vik b  r sj   noe p   framlegg til fredingsomr  da 5, 10 og 15, d   forslag til fredingsomr  de som ligg f  re, ikkje heilt f  lgjer dei kommunale vedtaka i desse kommunane.

Fiskeridirektoratet tar sikte p   at fredingsomr  da skal gjelde fr   1. oktober 2018.

H  yringsfrist

Fredag 31. august 2018.

Forslag

Fiskeridirektoratet foresl  r at det med heimel i lov 6. juni 2008 nr 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) § 16 , vert gjort f  lgande endringar i forskrift av 7 juni 2006 nr. 883 *om fredningsomr  de av hummer*:

Ny § 3. skal lyde:

Det er forbudt    fiske med andre redskaper enn h  ndsn  re, fiskestang, juksa, dorg eller surpenot langs hele sj  linjen ned til 50 meters dyp regnet fra laveste vannstand i omr  dene mellom f  lgende posisjoner ((Angitt i grader og desimalsminutter, jf. kartvedlegg)):

H��yanger			
Strandselvi		Instevik (Ytste Vikeelva)	
N: 61�� 07.729'	��: 5�� 56.759'	N: 61�� 07.506'	��: 5�� 59.634'
Norevik vest		Norevik aust	
N: 61�� 09.998'	��: 5�� 45.339'	N: 61�� 09.751'	��: 5�� 46.394'

Balestrand			
Kongsnes		Kvist	
$N: 61^{\circ} 09.900'$	$\varnothing: 6^{\circ} 12.252'$	$N: 61^{\circ} 09.469'$	$\varnothing: 6^{\circ} 13.410'$
Målsnes		Kallestad	
$N: 61^{\circ} 08.176'$	$\varnothing: 6^{\circ} 31.698'$	$N: 61^{\circ} 08.871'$	$\varnothing: 6^{\circ} 32.544'$

Leikanger (og Balestrand)			
Kjerringelvi (Balestrand kommune)		Kvinnafossen	
$N: 61^{\circ} 14.059'$	$\varnothing: 6^{\circ} 35.249'$	$N: 61^{\circ} 12.477'$	$\varnothing: 6^{\circ} 38.901'$
Grindselvi		Fosshagaelvi	
$N: 61^{\circ} 10.927'$	$\varnothing: 6^{\circ} 44.665'$	$N: 61^{\circ} 10.907'$	$\varnothing: 6^{\circ} 45.727'$

Sogndal			
Kommunegrense Leikanger		Fiksnes	
$N: 61^{\circ} 10.476'$	$\varnothing: 6^{\circ} 53.227'$	$N: 61^{\circ} 09.670'$	$\varnothing: 6^{\circ} 54.798'$
Mannheller		Skarduri	
$N: 61^{\circ} 09.619'$	$\varnothing: 7^{\circ} 20.187'$	$N: 61^{\circ} 10.299'$	$\varnothing: 7^{\circ} 22.387'$

Lærdal			
Reinsåna		Ferjekaia på Revsnes	
$N: 61^{\circ} 07.879'$	$\varnothing: 7^{\circ} 17.748'$	$N: 61^{\circ} 08.816'$	$\varnothing: 7^{\circ} 14.754'$
Buelvi i Buene		Luftspennet over Aurlandsfjorden v/ Knubben	
$N: 61^{\circ} 04.675'$	$\varnothing: 7^{\circ} 02.470'$	$N: 61^{\circ} 04.149'$	$\varnothing: 7^{\circ} 02.348'$

Vik			
Inste Trettetunga		Straumsneset	
$N: 61^{\circ} 06.061'$	$\varnothing: 6^{\circ} 52.431'$	$N: 61^{\circ} 07.679'$	$\varnothing: 6^{\circ} 52.504'$
Bergjuv		Steinagildet	
$N: 61^{\circ} 09.046'$	$\varnothing: 6^{\circ} 41.932'$	$N: 61^{\circ} 09.365'$	$\varnothing: 6^{\circ} 40.980'$
Limmesand (ved molo)		Eitrelvi - område Eitreneset	
$N: 61^{\circ} 04.892'$	$\varnothing: 6^{\circ} 27.755'$	$N: 61^{\circ} 03.975'$	$\varnothing: 6^{\circ} 26.093'$
Midtlielvi (ved Hanekam)		Gjelaneset – Gila (Stavedalsbukta)	
$N: 61^{\circ} 06.040'$	$\varnothing: 6^{\circ} 15.908'$	$N: 61^{\circ} 06.060'$	$\varnothing: 6^{\circ} 12.852'$

Ny § 4. skal lyde:

§ 4. Det er forbudt å fiske med hummerteiner langs hele sjølinjen ned til 50 meters dyp regnet fra laveste vannstand i områdene avgrenset av følgende posisjoner (Angitt i grader og desimalsminutter, jf. kartvedlegg):

Aurlandsfjorden			
Luftspenn Dyrastadneset i Vik kommune	Luftspenn Knubben i Lærdal kommune		
N: 61° 03.965'	Ø: 7° 00.448	N: 61° 04.149'	Ø: 7° 02.348'

Sogndalsfjorden			
Nordnes lykt	Hagastrondi		
N: 61° 09.450'	Ø: 6° 59.758'	61° 09.329'	Ø: 7° 00.202'

Lustrafjorden			
Kvarvnes lykt v/kommunegrense Årdal	Ombandsneset v/ kommunegrense Sogndal		
N: 61° 12.418'	Ø: 7° 23.604'	N: 61° 10.947'	Ø: 7° 23.725'

Fiskeridirektoratet tek sikte på at fredingsområdet skal gjelde frå 1. oktober 2018.

Høyringsfrist er sett til 31. august 2018.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Hanne Marie Utvær
rådgiver

Brevet vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Balestrand kommune	Kong Beles veg 20	6899	BALESTRAND
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870	5817	BERGEN
	Nordnes		
Hyllestad kommune	Hyllestad kommunehus	6957	HYLLESTAD
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Leikanger kommune	Skrivarvegen 7	6863	LEIKANGER
Luster kommune	Rådhusvegen 1	6868	GAUPNE
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Miljødirektoratet	Postboks 5672	7485	TRONDHEIM
	Torgarden		
Norges Fiskarlag	Postboks 1233	7462	TRONDHEIM
	Torgarden		
Norges Fritids- og Småfiskerforbund			
Norges Jeger og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norske Sjømatbedrifters Landsforening	Postboks 639	7406	TRONDHEIM
Osland Havbruk AS	..	5962	BJORDAL
Sjømat Norge	Postboks 5471	0305	OSLO
	Majorstua		
Sogn og Fjordane Fiskarlag	Postboks 173	6701	MÅLØY
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Sør-Norges Notfiskarlag	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Vest-Norges Fiskesalslag Sa	Postboks 83	6701	MÅLØY
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
WWF-Norge		0130	OSLO
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4-6	6885	ÅRDALSTANGEN

Kopi til:

Nærings- og Fiskeridepartementet
 Reguleringsseksjonen
 Ressurskontrollseksjonen i region
 Vest

Postboks 8090 Dep 0032 OSLO

Vedlegg

fredingsområde Lærdal

fredingsområde Sogndal

fredingsområde Leikanger

fredingsområde Balestrand

fredingsområde Høyanger

fredingsområde Vik

fredingsområde Sogndalsfjorden - Lustrafjorden - Aurlandsfjorden

Mottakarliste:

Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Balestrand kommune	Kong Beles veg 20	6899	BALESTRAND
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870	5817	BERGEN
	Nordnes		
Hyllestad kommune	Hyllestad kommunehus	6957	HYLLESTAD
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Leikanger kommune	Skrivarvegen 7	6863	LEIKANGER
Luster kommune	Rådhusvegen 1	6868	GAUPNE
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Miljødirektoratet	Postboks 5672	7485	TRONDHEIM
Norges Fiskarlag	Torgarden		
	Postboks 1233	7462	TRONDHEIM
	Torgarden		
Norges Fritids- og Småfiskerforbund			
Norges Jeger og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norske Sjømatbedrifters Landsforening	Postboks 639	7406	TRONDHEIM
Osland Havbruk AS	..	5962	BJORDAL
Sjømat Norge	Postboks 5471	0305	OSLO
	Majorstua		
Sogn og Fjordane Fiskarlag	Postboks 173	6701	MÅLØY
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Sør-Norges Notfiskarlag	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Vest-Norges Fiskesalslag Sa	Postboks 83	6701	MÅLØY
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
WWF-Norge		0130	OSLO
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4-6	6885	ÅRDALSTANGEN

Kopi til:

Nærings- og Fiskeridepartementet
 Reguleringsseksjonen
 Ressurskontrollseksjonen i region
 Vest

Vedlegg

fredingsområde Lærdal

Vedlegg

fredingsområde Sogndal

fredingsområde Leikanger

fredingsområde Balestrand

fredingsområde Høyanger

fredingsområde Vik

fredingsområde Sogndalsfjorden - Lustrafjorden - Aurlandsfjorden